

Til Byggadministrasjon Harald Bjørndal a/s

SAK SOM OMHANDLAR REGULERINGSPLAN PÅ HOLDHUS

Viser til e-post med vedlagt kart, datert 11.09.2018. Til denne har eg følgjande kommentarar:

På eigedomen til underteikna er delar av driftsbygninga kutta bort, likeeins tilkomstveg opp til naboeigedom. Lina er teikna heilt inntil garasjeveggen, der grensa òg får konsekvensar for nyrestaurert mur og hageanlegg. Området omfattar store delar av dyrka mark ved skuleområdet og ved bustadhus nær Holdhus kyrkje. Dessutan kjem dette truleg i konflikt med kulturminnevern-området på staden. Kva har eigentleg vore lagt til grunn når den stipla lina vart teikna inn?

Trongen for utviding av veg for mjuke trafikantar er absolutt til stades. Som grunneigar stiller eg meg difor positiv til delar av planen. Slik eg forstår er utviding naudsynt frå avkøyringa til Hovden bustadfelt - i retning vegkrysset på `Rasten` (der skule-/gangveg frå Hovdalia og Rød møtest) - fram til Hålandsdalen Montessoriskule. Det trengst ei forklaring på kvifor planen omfattar område langs riksvegen i begge endar av busshaldeplassane ved skulen. At vegutvidinga i tillegg er tenkt heilt fram til avkøyrsla til Hålandsdalen leirskule skjønar eg heller ikkje heilt, då leirskulen ikkje har uttrykt noko ynskje om gangveg/fortau på denne strekninga.


Tidlegare synspunkt og kommentarar i høve parkering og toalett/garderobe til Gamlekyrkja, samt forslag til omlegging av kommunal veg står framleis ved lag. Til dette høyrer med mellom anna ynskje om konsekvensutgreiing, samt eksisterande avtale mellom Fusa kommune og grunneigar. (Kopiar av brev i samband med tidlegare reguleringsplanar i tidsrommet 2009-15 kan eventuelt ettersendast .)

Her er nemnt eksisterande aktivitetar og anlegg ved skulen "...i system." Eg tykkjer ikkje at det kjem tydeleg fram kva som her er meint. Ein personleg refleksjon over dette er problematikk knytt til fleire punkt: bruken av parkeringsplass v.s parkering på skuleområdet, rulleskigåing i løypa v.s rulleski på hovudvegen, skyteaktivitet i skuletida, samt (ettersom me erfarar) manglande respekt for skyteinstruksen. Her er framleis mange ting å ta tak i, spesielt med tanke på førebyggjande arbeid og trygge forhold for alle.

Når det gjeld pågåande skriftleg korrespondanse i saka ynskjer eg å fremja følgjande forslag: Det kunne ha vore kjekt om Byggadministrasjonen og tiltakshavar kunne ha teke ein prat med grunneigarar og nære naboar, som alle er råka av reguleringsplanen på Holdhus. Fastbuande har kanskje verdfulle synspunkt når det gjeld trongen for reelle utbyggingar, vidare korleis ein kan løysa problematikk rundt både lokalisering, logistikk/trafikk og tidsrammer - slik at alle på eit vis kan verta nøgde. Ein kan ofte koma langt med munnleg dialog; både med omsyn til konstruktive innspel og diskusjonar, samt i prosessen og saksongnen vidare fram mot endelege vedtak.

Holdhus 4. oktober 2018

Venleg helsing



Aksel H. Holdhus

grunneigar Gnr.Bnr. 48/1 og 23